

Venstre testa Uskedalsbrødet!

26.01.2009



Venstreårsmøtet testar Uskedalsbrødet! Frå venstre sit Bjarne Lilleaas, Kristian Bringedal, Synnøve Handeland, Tove Røssland Ertslund, Pia Lund Andersen, Gunnar Røssland og Steinar Haugan. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Kvinnherad Venstre satsa på eit "annleis" årsmøte dette året. Møtet vart halde i Dønhaugkjedlaren og i tillegg til dei tradisjonelle årsmøtesakene serverte dei kveldsmat..

Kveldsmaten hadde - ikkje unaturlag - det nylanserte Uskedalsbrødet som hovud-element og det var ingen tvil om at også politikarane likte det!

Eit anna innslag var at Reidar Myklebust kåserte om det gode liv i bygda. Noko av det finaste han opplever på heimstaden, som han kom attende til i 1997, er snøklokken i januar. I Tromsø er våren to veker med snøsmelting!.

Også ellers opplever han livet i Uskedalen som positivt.

- Det er roleg her og ein blir kjend med alle. Ein engasjerer seg og blir ein del av bygda. Men sladder og baksnakking er meir vanleg her enn i byen der ein nesten ikkje opplevde det, sa Myklebust..

To uskedelingar sit i styret for Kvinnherad Venstre, det er Kristian Bringedal og Bjarne Lilleaas.. Årsmøtet attvalde Resy Aak Toresen som leiar medan dei to øvrige styremedlemmene er Synnøve Handeland og Gunnar Røssland.

Bringedal kom inn på det gode Venstre-valet, at partiet kom inn i ein sterk koalisjon og at partiet fekk varaordføraren. Det bør ha som resultat at partiet blir enda meir profilert og frimodig og at varaordføraren frontar meir, sa Bringedal og fekk støtte av Lilleaas i det siste.

Varaordførar Synnøve Handeland tok sjølvkritikk og lova å fronta meir. Men ho meinte at Venstre når fram med sine initiativ og streka også under at ho er avhengig av å få innspel om viktige ting. Dessuten tykte ho at partiets folk ikkje blir så ofte refererte i media.

Steinar Haugan streka under at partiet i den noverande situasjon kan setja dagsorden på ein annan måte enn før.

- Hvis ikkje vi gjer det, blir det gjort av rådmannen og dei andre, sa han.

I kommunestyregruppa si årsmelding vart det uttrykt håp om at kommunen vil komma fram til ein betre og meir framtidssretta skulestruktur.

Der vart det ellers slått fast at reduksjon av talet på årsverk i kommunen er det einaste som vil mona når det gjeld å betra økonomien.

Årsmeldinga formulerte det siste slik:

'På sikt ser gruppa det slik at det einaste som vil mona på kommuneøkonomien er reduksjon av årsverk - til det trengs endring av strukturar. Dersom vi ikkje gjer det, vil tenestetilbodet gå drastisk ned i kvalitet - det er lønene som er hovudutgiftene til kommunen'

Av Ola Matti Mathisen